

**Sakshandsamar:**

Roar Nettet

E-post: roar.nettet@sfj.no

Tlf: 57 65 62 71

Vår ref.

Sak nr.: 08/1372-5

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt f.nr.

7605/08

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 11.04.2008

Kommunal- og regionaldepartementet,
Kommunalavdelingen,
Postboks 8112 Dep,
0032 OSLO

Fråsegn til forvaltningsreforma - framlegg til nye oppgåver til det regionale folkevalde nivået. Endeleg innspel til regional inndeling

Det vert vist til brev frå Kommunal- og regionaldepartementet datert 26. februar 2008.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane gjorde i møte 8. april 2008 slikt vedtak i sak 08/08 ”Fråsegn til forvaltningsreforma - framlegg til nye oppgåver til det regionale folkevalde nivået. Endeleg innspel til regional inndeling”:

”I) ”Høringsnotat – Forvaltningsreformen – forslag til nye oppgaver til det folkevalgte nivået”

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til at det regionale folkevalde nivået no vert tilført nye oppgåver. Dette er eit steg i retning av eit sterkare regionalt folkevald nivå, og kan danne grunnlaget for ei ytterlegare styrking av oppgåvefeltet i framtida.
2. Høyringa følgjer ikkje opp føringane som blei gjevne i St.meld. nr. 12 (2006-2007) *Regionale fortrinn – regional framtid* og Stortinget si behandling av denne, jf Inst.S. nr 166 (2006-2007). Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at føringar gjevne i stortingsmeldinga og Stortinget si behandling av denne blir følgt opp i den samla proposisjonen til Stortinget hausten 2008.
3. Fylkestinget støttar Regjeringa og Stortinget sitt utgangspunkt at alle politiske oppgåver på regionalt nivå som er viktige for den regionale utviklinga, skal samlast i dei folkevalde regionane.
4. Fylkestinget vil minne om at dei overordna måla med forvaltningsreforma er eit forsterka folkestyre lokalt og regionalt og at ein gjennom regional samordning skal auke verdiskapinga og sysselsettinga ved å nytte dei lokale fortrinna. Dette er klare gevinstar som burde fått ein større plass i høringsnotatet.
5. Oppgåver på aktuelle område som i dag ligg til Fylkesmannen og som ikkje er knytte til tilsyn, motsegn, klage og kontroll og rettleiing i høve desse, må overførast til regionane. I dette ligg også ansvaret for gjennomføring og regional tilpassing av nasjonal politikk på områda.
6. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at folkehelse må vere ei pålagd oppgåve og eit sjølvstendig område for dei nye regionane, og sluttar seg såleis til oppstillinga under viktige oppgåver i pådrivarrolla slik det går fram på side 122 i høringsdokumentet. Med folkehelse som eit sjølvstendig område der ressursar og kompetanse på feltet er samla på ein stad, vil folkehelsearbeidet gjerast langt meir



oversiktleg og det vil gje arbeidet den samlande kraft som er naudsynt for at fokkehelseområdet skal få status og gjennomslagskraft. Det vil vere ein styrke å gjere dette til ei pålagd, ordinær oppgåve og sjølvstendig område for dei nye regionane og ein vil særleg peike på potensialet i pådrivarrolla, samt folkehelse i regional planlegging og utvikling.


7. Fylkestinget er positiv til å oveta ansvaret for øvrige riksvegar med tilhøyrande ferjesamband. Det er ein absolutt føresetnad for overtaking at etterslepet og vedlikehald vert kompenserte fullt ut og at vegnettet vert overlevert i forsvarleg stand.
8. Skal regionane bli ei aktiv prioriteringsmyndigheit innanfor vegsektoren, er det nødvendig at dei har ansvaret for dei strategiske prosessane for øvrige riksvegar.
9. Regionale forskingsfond vil bli eit verdifullt nytt verkemiddel for regionane, føresett at ordninga vert finansiert med friske midlar, at fondsavkastninga er minimum 400 mill kr pr. år og at ein sikrar høg fagleg kvalitet på forskingsprosjekta. Forskingsfonda vil då kunne gje regionane betre tilgang på forskning som ein viktig føresetnad for utvikling i regionane.
10. Fråsegna frå Sogn og Fjordane fylkeskommune blir elles slik det går fram av dei generelle merknader og prinsipielle utgangspunkt til saka og merknadane til dei konkrete forslaga i høyringsnotatet slik det går fram av saksframstillinga.
11. Ved overføring av oppgåver til det regionale folkevalde nivået må ressursar, rammevilkår og fullmakter vere avstemt med alle oppgåvene.

II) Endeleg høyring om regional inndeling

1. Med den oppgåveporteføljen som no er føreslegen i høyringsnotatet om nye oppgåver lagt til det regionale folkevald nivået, vil fylkestinget gå inn for ein forsterka fylkeskommune.
2. Fylkestinget har merka seg at kommunal- og regionalministeren avviser større regionar før oppgåvene er avklara, og før høyringsfristen har gått ut.”

Saksførelegget til fylkestinget følgjer vedlagt.

Med helsing



Bjørn Birger Bremer
fylkesdirektør



Roar Nesset
spesialrådgjevar

Vedlegg:

Saksførelegg i fylkestingssak 08/08

Mottakar (ar)

Kommunal- og regionaldepartementet Kommunalavdelingen Postboks 8112 Dep 0032 OSLO

Kopi til:

Kommunenes sentralforbund – sentralt og lokalt
Kommunane i Sogn og Fjordane
Fylkeskommunane i landet



Sak folkevalde organ

FYLKESTINGET

Saksnr.: Møtedato: Arkivsaksnr.: L.nr.:
8/08 08.04.2008 08/1372 5361/08

Sakshandsamar: Roar Nesset

Handsaming i organ	Møtedato	Saksnr.
Fylkesutvalet	26.03.2008	29/08
Fylkestinget	08.04.2008	8/08

Fråsegn til forvaltningsreforma - framlegg til nye oppgåver til det regionale folkevalde nivået. Endeleg innspel til regional inndeling

Eg visert til fylkesutvalet si fleirtalstilråding og rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

I) "Høringsnotat – Forvaltningsreformen – forslag til nye oppgaver til det folkevalgte nivået"

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til at det regionale folkevalde nivået no vert tilført nye oppgåver. Dette er eit steg i retning av eit sterkare regionalt folkevald nivå, og kan danne grunnlaget for ei ytterlegare styrking av oppgåvefeltet i framtida.
2. Høyringa følgjer ikkje opp føringane som blei gjevne i St.meld. nr. 12 (2006-2007) *Regionale fortrinn – regional framtid* og Stortinget si behandling av denne, jf Inst.S. nr 166 (2006-2007). Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at føringar gjevne i stortingsmeldinga og Stortinget si behandling av denne blir følgt opp i den samla proposisjonen til Stortinget hausten 2008.
3. Fylkestinget støttar Regjeringa og Stortinget sitt utgangspunkt at alle politiske oppgåver på regionalt nivå som er viktige for den regionale utviklinga, skal samlast i dei folkevalde regionane.
4. Fylkestinget vil minne om at dei overordna måla med forvaltningsreforma er eit forsterka folkestyre lokalt og regionalt og at ein gjennom regional samordning skal auke verdiskapinga og sysselsettinga ved å nytte dei lokale fortrinna. Dette er klare gevinstar som burde fått ein større plass i høringsnotatet.
5. Dei fleste oppgåvene på aktuelle område som i dag ligg til Fylkesmannen og som ikkje er knytte til tilsyn, motsegn, klage og kontroll og rettleiing i høve desse, må overførast til regionane. I dette ligg også ansvaret for gjennomføring og regional tilpassing av nasjonal politikk på områda.
6. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at folkehelse må vert ei pålagd oppgåve og eit sjølvstendig område for dei nye regionane, og sluttar seg såleis til oppstillinga under viktige oppgåver i pådrivarrolla slik det går fram på side 122 i høringsdokumentet. Med folkehelse som eit sjølvstendig område der ressursar og kompetanse på feltet er samla på ein stad vil folkehelsearbeidet gjerast langt meir oversiktleg og det vil gjø

arbeidet den samlande kraft som er naudsynt for at fokehelseområdet skal få status og gjennomslagskraft. Det vil vere ein styrke å gjer dette til ei pålagd, ordinær oppgåve og sjølvstendig område for dei nye regionane og ein vil særleg peike på potensialet i pådrivarrolla, samt folkehelse i regional planlegging og utvikling.

7. Fylkestinget er positiv til å oveta ansvaret for øvrige riksvegar med tilhøyrande ferjesamband. Det er ein absolutt føresetnad for overtaking at etterslepet og vedlikehald vert kompenserte fullt ut og at vegnetet vert overlevert i forsvarleg stand.
- 8 Skal regionane bli ei aktiv prioriteringsmyndigheit innanfor vegsektoren, er det nødvendig at dei har ansvaret for dei strategiske prosessane for øvrige riksvegar.
- 9 Regionale forskingsfond vil bli eit verdifullt nytt verkemiddel for regionane, føresett at ordninga vert finansiert med friske midlar, at fondsavkastninga er minimum 400 mill kr pr. år og at ein sikrar høg fagleg kvalitet på forskingsprosjekta. Forskingsfonda vil då kunne gje regionane betre tilgang på forskning som ein viktig føresetnad for utvikling i regionane.
- 10 Fråsegna frå Sogn og Fjordane fylkeskommune blir elles slik det går fram av dei generelle merknader og prinsipielle utgangspunkt til saka og merknadane til dei konkrete forslaga i høyringsnotatet slik det går fram av saksframstillinga.
- 11 Ved overføring av oppgåver til det regionale folkevalde nivået må ressursar, rammevilkår og fullmakter vere avstemt med alle oppgåvene.

II) Endeleg høyring om regional inndeling

1. Med den oppgåveporteføljen som no er føreslegen i høyringsnotatet om nye oppgåver lagt til det regionale folkevald nivået, vil fylkestinget gå inn for ein forsterka fylkeskommune.
2. Fylkestinget har merka seg at kommunal- og regionalministeren avviser større regionar før oppgåvene er avklara, og før høyringsfristen har gått ut.

Sogn og Fjordane fylkeskommune
6863 Leikanger, 28. mars 2008

Nils R. Sandal
fylkesordfører

Behandling/vedtak i Fylkesutvalet den 26.03.2008

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

I) "Høringsnotat – Forvaltningsreformen – forslag til nye oppgaver til det folkevalgte nivået"

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til at det regionale folkevalde nivået no vert tilført nye oppgåver. Dette er eit steg i retning av eit sterkare regionalt folkevald nivå, og kan danne grunnlaget for ei ytterlegare styrking av oppgåvefeltet i framtida.
2. Høyringa følgjer ikkje opp føringane som blei gjevne i St.meld. nr. 12 (2006-2007) *Regionale fortrinn – regional framtid* og Stortinget si behandling av denne, jf Inst.S. nr 166 (2006-2007). Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at føringar gjevne i stortingsmeldinga og Stortinget si behandling av denne blir følgt opp i den samla proposisjonen til Stortinget hausten 2008.
3. Fylkestinget støttar Regjeringa og Stortinget sitt utgangspunkt at alle politiske oppgåver på regionalt nivå som er viktige for den regionale utviklinga, skal samlast i dei folkevalde regionane.
4. Fylkestinget vil minne om at dei overordna måla med forvaltningsreforma er eit forsterka folkestyre lokalt og regionalt og at ein gjennom regional samordning skal auke verdiskapinga og sysselsettinga ved å nytte dei lokale fortrinna. Dette er klare gevinstar som burde fått ein større plass i høringsnotatet og skuldast truleg KRD sitt fråverande grep på heilskapen i vurderinga av framlegga.
5. Dei fleste oppgåvene på aktuelle område som i dag ligg til Fylkesmannen og som ikkje er knytte til tilsyn, motsegn, klage og kontroll og rettleiing i høve desse, må overførast til regionane. I dette ligg også ansvaret for gjennomføring og regional tilpassing av nasjonal politikk på områda.
6. Det er positivt at øvrige riksvegar blir overførte til det regionale nivået. Ein får også ansvaret for tilhørende ferjesamband.
7. Det må vere ein absolutt føresetnad for overtakinga av øvrige riksvegar at kostnadane blir kompenserte fullt ut og at vegnettet blir overlevert i forsvarleg stand.
8. Skal regionane bli ei aktiv prioriteringsmyndigheit innanfor vegsektoren, er det nødvendig at dei har ansvaret for dei strategiske prosessane for øvrige riksvegar.
9. Regionale forskingsfond vil bli eit verdifullt nytt verkemiddel for regionane. Forskningsfonda vil gje regionane betre tilgang på forskning som ein viktig føresetnad for utviklinga i regionane.
10. Fråsegnen frå Sogn og Fjordane fylkeskommune blir elles slik det går fram av dei generelle merknader og prinsipielle utgangspunkt til saka og merknadane til dei konkrete forslaga i høringsnotatet slik det går fram av saksframstillinga.
11. Ved overføring av oppgåver til det regionale folkevalde nivået må ressursar, rammevilkår og fullmakter vere avstemt med alle oppgåvene.

II) Endeleg høyring om regional inndeling

2. Med den oppgåveporteføljen som no er føreslegen i høyringsnotatet om nye oppgåver lagt til det regionale folkevald nivået, vil fylkestinget gå inn for ein forsterka fylkeskommune.
3. Fylkestinget har merka seg at kommunal- og regionalministeren avviser større regionar før oppgåvene er avklara, og før høyringsfristen har gått ut.

Endringsframlegg:

Framstegspartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fylkestinget i Sogn og Fjordane ser ikkje framlegget til nye oppgåver for det regionale folkevalde nivået som formålsteneleg. Ein vil difor be Regjeringa og Stortinget om å vedta en inndeling med 2 nivå, kommune og stat.

Høgre sette fram slikt framlegg til vedtak:

Punkt 1 og 2 i tilrådinga frå fylkesrådmannen går ut.

Det vert teke inn nytt slikt punkt:

Fylkestinget ynskjer i utgangspunktet at det vert 2 forvaltningsnivå i landet. Slik det ser ut no vert det 3 nivå som i dag. Då er det viktig at det regionale nivået vert tillagt fleire oppgåver.

Senterpartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

Nytt punkt 4 i staden for punkt 4 i tilrådinga frå fylkesrådmannen:

Fylkestinget vil minne om at dei overordna måla med forvaltningsreforma er eit forsterka folkestyre lokalt og regionalt og at ein gjennom regional samordning skal auke verdiskapinga og sysselsettinga ved å nytte dei lokale fortrinna. Dette er klare gevinstar som burde fått ein større plass i høyringsnotatet.

Nytt punkt 7 (samanstilling og presisering av punkt 6 og 7)

Fylkestinget er positiv til å overta ansvaret for øvrige riksvegar med tilhøyrande ferjesamband. Det er ein absolutt føresetnad for overtaking at etterslepet og vedlikehald vert kompenserte fullt ut og at vegnettet vert overlevert i forsvarleg stand.

Nytt punkt 9 i staden for punkt 9 i tilrådinga frå fylkesrådmannen:

Regionale forskingsfond vil bli eit verdifullt nytt verkemiddel for regionane, føresett at ordninga vert finansiert med friske midlar, at fondsavkastninga er minimum 400 mill kr pr. år og at ein sikrar høg fagleg kvalitet på forskingsprosjekta. Forskingsfonda vil då kunne gje regionane betre tilgang på forskning som ein viktig føresetnad for utvikling i regionane.

Arbeidarpartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

Nytt punkt 6. (Dei andre punkta blir forskyvd)

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at folkehelse må verte ei pålagd oppgåve og eit sjølvstendig område for dei nye regionane, og sluttar seg såleis til opplistinga under viktige oppgåver i pådrivarrolla slik det går fram på side 122 i høyringsdokumentet. Med folkehelse som eit sjølvstendig område der ressursar og kompetanse på feltet er samla på ein stad, vil folkehelsearbeidet gjerast langt meir oversiktleg og det vil gje arbeidet den samlande kraft som er naudsynt for at fokehelseområdet skal få status og gjennomslagskraft. Det vil vere ein

styrke å gjere dette til ei pålagd, ordinær oppgave og sjølvstendig område for dei nye regionane. Ein vil særleg peike på potensialet i pådrivarrolla, samt folkehelse i regional planlegging og utvikling.

Avrøysting:

Jostein Kvalsvik røysta for framlegget frå Framstegspartiet.

Tor Bremer, Åshild Kjelsnes, Gunnvor A. Sunde, Jenny Følling, Laila Melkevoll, Norvall Nøringset, Mathias Råheim og Klaus Iversen røysta mot.

Mathias Råheim røysta for framlegget frå Høgre.

Tor Bremer, Åshild Kjelsnes, Gunnvor A. Sunde, Jenny Følling, Laila Melkevoll, Norvall Nøringset, Jostein Kvalsvik og Klaus Iversen røysta mot.

Tor Bremer, Åshild Kjelsnes, Gunnvor A. Sunde, Jenny Følling, Laila Melkevoll, Norvall Nøringset, og Klaus Iversen røysta for framlegget frå Senterpartiet til punkt 4.

Mathias Råheim og Jostein Kvalsvik røysta for fylkesrådmannen si tilråding til punkt 4.

Tor Bremer, Åshild Kjelsnes, Gunnvor A. Sunde, Jenny Følling, Laila Melkevoll, Norvall Nøringset, Mathias Råheim og Klaus Iversen røysta for framlegget til vedtak frå Senterpartiet til punkt 7.

Jostein Kvalsvik røysta mot.

Framlegget frå Arbeidarpartiet til nytt punkt 6 og framlegget frå Senterpartiet til nytt punkt 9 vart samrøystes vedtekne.

Tor Bremer, Åshild Kjelsnes, Gunnvor A. Sunde, Jenny Følling, Laila Melkevoll, Norvall Nøringset, Mathias Råheim og Klaus Iversen røysta for tilrådinga frå fylkesrådmannen med dei endringar som avrøystingane ovanfor medfører.

Jostein Kvalsvik røysta mot.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

I) "Høringsnotat – Forvaltningsreformen – forslag til nye oppgaver til det folkevalgte nivået"

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til at det regionale folkevalde nivået no vert tilført nye oppgaver. Dette er eit steg i retning av eit sterkare regionalt folkevald nivå, og kan danne grunnlaget for ei ytterlegare styrking av oppgavefeltet i framtida.
2. Høyringa følgjer ikkje opp føringane som blei gjevne i St.meld. nr. 12 (2006-2007) *Regionale fortrinn – regional framtid* og Stortinget si behandling av denne, jf Inst.S. nr 166 (2006-2007). Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at føringar gjevne i stortingsmeldinga og Stortinget si behandling av denne blir følgt opp i den samla proposisjonen til Stortinget hausten 2008.
3. Fylkestinget støttar Regjeringa og Stortinget sitt utgangspunkt at alle politiske oppgaver på regionalt nivå som er viktige for den regionale utviklinga, skal samlast i dei folkevalde regionane.
4. Fylkestinget vil minne om at dei overordna måla med forvaltningsreforma er eit forsterka folkestyre lokalt og regionalt og at ein gjennom regional samordning skal auke

- verdiskapinga og sysselsettinga ved å nytte dei lokale fortrinna. Dette er klare gevinstar som burde fått ein større plass i høyringsnotatet.
5. Dei fleste oppgåvene på aktuelle område som i dag ligg til Fylkesmannen og som ikkje er knytte til tilsyn, motsegn, klage og kontroll og rettleiing i høve desse, må overførast til regionane. I dette ligg også ansvaret for gjennomføring og regional tilpassing av nasjonal politikk på områda.
 6. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at folkehelse må vert ei pålagd oppgåve og eit sjølvstendig område for dei nye regionane, og sluttar seg såleis til oppstillinga under viktige oppgåver i pådrivarrolla slik det går fram på side 122 i høyringsdokumentet. Med folkehelse som eit sjølvstendig område der ressursar og kompetanse på feltet er samla på ein stad vil folkehelsearbeidet gjerast langt meir oversiktleg og det vil gje arbeidet den samlande kraft som er naudsynt for at fokehelseområdet skal få status og gjennomslagskraft. Det vil vere ein styrke å gjer dette til ei pålagd, ordinær oppgåve og sjølvstendig område for dei nye regionane og ein vil særleg peike på potensialet i pådrivarrolla, samt folkehelse i regional planlegging og utvikling.
 7. Fylkestinget er positiv til å oveta ansvaret for øvrige riksvegar med tilhøyrande ferjesamband. Det er ein absolutt føresetnad for overtaking at etterslepet og vedlikehald vert kompenserte fullt ut og at vegnetet vert overlevert i forsvarleg stand.
 8. Skal regionane bli ei aktiv prioriteringsmyndigheit innanfor vegsektoren, er det nødvendig at dei har ansvaret for dei strategiske prosessane for øvrige riksvegar.
 9. Regionale forskingsfond vil bli eit verdifullt nytt verkemiddel for regionane, føresett at ordninga vert finansiert med friske midlar, at fondsavkastninga er minimum 400 mill kr pr. år og at ein sikrar høg fagleg kvalitet på forskingsprosjekta. Forskningsfonda vil då kunne gje regionane betre tilgang på forskning som ein viktig føresetnad for utvikling i regionane.
 10. Fråsegna frå Sogn og Fjordane fylkeskommune blir elles slik det går fram av dei generelle merknader og prinsipielle utgangspunkt til saka og merknadane til dei konkrete forslaga i høyringsnotatet slik det går fram av saksframstillinga.
 11. Ved overføring av oppgåver til det regionale folkevalde nivået må ressursar, rammevilkår og fullmakter vere avstemt med alle oppgåvene.

II) Endeleg høyring om regional inndeling

3. Med den oppgåveporteføljen som no er føreslegen i høyringsnotatet om nye oppgåver lagt til det regionale folkevald nivået, vil fylkestinget gå inn for ein forsterka fylkeskommune.
4. Fylkestinget har merka seg at kommunal- og regionalministeren avviser større regionar før oppgåvene er avklara, og før høyringsfristen har gått ut.

Prenta vedlegg:

1. "Forvaltningsreformen – forslag til nye oppgaver til det folkevalgte regionale nivået". Høringsnotat frå Kommunal- og regionaldepartementet (utsendt tidlegare)
2. "Regionenes oppgaver og inndeling – innspill til fylkeskommunenes uttalelser" Notat datert 11.03.08 frå KS
3. Framlegg til uttale frå fylkesordførar/rådskollegiet om regionale forskingsfond.
4. Uttale frå Hovudsamarbeidsutvalet
5. Merknad høyring Forvaltningsreforma frå Fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane

Uprenta vedlegg:

1. Utredning om opprettelse av regionale forskingsfond. Noregs forskingsråd.
2. FT-sak 11/07 – "ST. meld nr 12 (2006 – 2007) Regional fortrinn – regional framtid. Om prosessen ved å avklare den regionale inndelinga. Høyring"

Saksframstilling

1. Samandrag

Fylkestinget gjorde i sak 11/07 "St.meld nr 12 (2006-2007) Regionale fortrinn – regional framtid. Om prosessen med å avklare den regionale inndelinga. Høyring", sitt første vedtak om forvaltningsreforma.

Kommunal – og regionaldepartementet (KRD) har i brev av 26.02.08 sendt forslag til nye oppgåver til det regionale folkevalde nivået ut på allminneleg høyring. Inndelingsspørsmålet og oppgåvene skulle handsamast av to ulike fylkesting. Vi må såleis gje uttale både til høyringsnotatet om nye oppgåver og om regional inndeling og som følgje av det er saka todelt; ein del om høyringsnotatet og ein del ominndelingsspørsmålet.

Fylkesrådmannen meiner at det er ein stor veikskap ved høyringsnotatet at det ikkje gjort ei heilskapeleg vurdering av framlegga til overføring av oppgåver innanfor den enkelte sektoren. Heller ikkje om summen av framlegga samsvarar med Stortinget sine føresetnader for reforma. Dei overordna måla med forvaltningsreforma er eit forsterka folkestyre lokalt og regionalt og at ein gjennom regional samordning skal auke verdiskapinga og sysselsettinga ved å nytte dei lokale fortrinna. Dette er klare gevinstar som burde fått ein større plass i høyringsnotatet og skuldast truleg KRD sitt fråverande grep på heilskapen i vurderinga av framlegga.

I arbeidsdelinga mellom Fylkesmannen og regionane legg fylkesrådmannen til grunn at dei fleste oppgåvene på aktuelle område som i dag ligg til Fylkesmannen og som ikkje er knytte til tilsyn, motsegn, klage og kontroll (samt rettleiing i høve desse), må overførast til regionane. Regjeringa og Stortinget sitt utgangspunkt har vore at alle politiske oppgåver på regionalt nivå og som er viktige for den regionale utviklinga, skal samlast i dei folkevalde regionane. Det er viktig å sjå samanhangane innan

- Næringsutvikling – innovasjon og kompetanse/FOU
- Samferdsle – kollektivtransport og nasjonal/regional transportplanlegging
- Kultur – idrett - friluftsliv - folkehelse
- Regional planlegging
- Miljø – klima – energi

På undervisningsområdet har fylkesrådmannen ingen merknader til at enkelte oppgåver innan informasjon, rettleiing, kvalitetsutvikling og kompetanseutvikling blir overførte frå fylkesmennene til regionane. Det er òg naturleg at regionane får overført ansvaret for fagskuleutdanninga. Det er og bra at regionane no får ansvaret for å oppnemne styremedlemar til statlege høgskular.

Fylkesrådmannen meiner at regionale forskingsfond vil bli eit verdifullt nytt verkemiddel for regionane. Forskingsfonda vil gje regionane betre tilgang på forskning som ein viktig føresetnad for utviklinga i regionane.

Det er positivt at øvrige riksveggar blir overførte til det regionale nivået. Også ferjesamband på regionveggar blir regionane sitt ansvar. Det må vere ein absolutt føresetnad at kostnadane blir kompenserte fullt ut og at vegnettet blir overlevert i forsvarleg stand. Skal regionane bli ei aktiv prioriteringsmyndigheit innanfor vegsektoren, er det nødvendig at dei har ansvaret for dei strategiske prosessane rundt det regionale vegnettet

Innanfor ramma av ein modell med delt eigarskap av Innovasjon Norge har fylkesrådmannen ingen spesielle merknader utanom at eigarskapsfordelinga på 49/51 må gjennomsyre heile organisasjonen.

Fylkesrådmannen merkar seg at departementet i svært liten grad har makta og legge fram forslag til oppgåver av eit viss omfang og tyngde innan havbruksområdet som kan førtast over til folkevalt regionalt nivå. Ingen av oppgåvene vert overført frå sentralt statleg nivå, men vert plukka frå embetsverket ute i regionane

På kulturområdet er ikkje føresetnadene i St.meld. nr. 12 og Stortinget si handsaming fullt ut følgt opp og fleire spørsmål blir skuva ut i tid.

Sogn og Fjordane er eit føregangsfylke innan folkehelsearbeidet. Det er difor positivt at folkehelse blir presisert som ei ordinær oppgåve for regionane. Vidare at regionane også får ansvaret for tannhelsetenesta i framtida.

Skal regionane vere i fremste rad i klimapolitikken, må dei også få eit større ansvar innafor fornybar energi og energieffektivisering.

Med den oppgåveporteføljen som no er føreslegen i høyringsnotatet, vil fylkesrådmannen rå til at fylkestinget går inn for ein forsterka fylkeskommune

DEL I:

HØYRING FORVALTNINGSREFORMA – FORSLAG TIL NYE OPPGÅVER TIL DET FOLKEVALDE REGIONAL NIVÅET

2. Bakgrunn

Kommunal – og regionaldepartementet (KRD) har i brev av 26.02.08 sendt forslag til nye oppgåver til det regionale folkevalde nivået ut på allminneleg høyring. Høyringsnotatet er ei konkretisering av dei oppgåvene som blei varsla i St.melding nr. 12 (2006-2007) *Regionale fortrinn – regional framtid* og Stortinget si behandling av denne, jf Inst.S. nr 166 (2006-2007).

KRD koordinerer prosessen med gjennomføring av forvaltningsreforma, men det er det enkelte fagdepartementet som har hatt ansvaret for dei utgreiingane som er gjorde i høyringsnotatet.

I brev av 15.11.07 blei kommunane og fylkeskommunane orienterte om at fristen for å gje endeleg innspel om regional inndeling blei utsett slik at den fell saman med fristen for gi uttale om forslaga til oppgåver. Vi må såleis gi uttale både til høyringsnotatet om nye oppgåver og om regional inndeling.

Høyringsfristen er sett til **30. april 2008**.

Vedlagt høyringsnotatet følgjer samandrag av ei utgreiing frå Norges Forskningsråd om innretninga på regionale forskingsfond. Departementet ber om at det også blir sendt høyringsuttale også på denne utgreiinga. Denne er innarbeidd i saka.

Med utgangspunkt i det høyringsnotatet som ligg føre og uttalane til dette, vil KRD koordinere det vidare arbeidet i dei berørte departementa med sikte på å leggje fram ein samla proposisjon til Stortinget hausten 2008. Denne vil innehalde både konkrete lovforslag om oppgåver og eventuelle framlegg til endringar i fylkesinndelinga. Det vil dessutan bli gjort greie for status i utgreiingsarbeid i regi av ulike departement som det blir vist til i høyringsnotatet. Vidare vil det bli gjort greie for departementa si oppfølging av Stortinget sitt "anmodningsvedtak" av 10. mai 2007 om innspel frå kommunar og fylkeskommunar til ytterlegare oppgåver til det regionale folkevalde nivået.

Det er i denne saksframstillinga ikkje funne trong for å kommentere kapittel 2 i høyringsnotatet "Endringar i regelverk som omhandlar fylkeskommunen som administrativ enhet"

Fylkestinget gjorde i sak 11/07 "St.meld nr 12 (2006-2007) Regionale fortrinn – regional framtid. Om prosessen med å avklare den regionale inndelinga. Høyring", slikt vedtak:

1. Dei oppgåver som er tildelt dei nye regionane i St.meld. nr 12 (2006-2007) inneber auke i lokaldemokratiet ved at oppgåver vert flytta frå Fylkesmannen over til folkevald nivå. Det er derimot relativt få oppgåver som i stortingsmeldinga vert føreslege flytta frå sentralt statleg hald og over til dei nye regionane.
2. Med den oppgåveporteføljen som no er føreslegen lagt til regionalt folkevald nivå vil Sogn og Fjordane fylkeskommune gå inn for ein forsterka fylkeskommune.
3. Viktige punkt som bør over til regionalt nivå er spesialisthelsetenestene, Innovasjon Noreg, SIVA, regionvegkontora og høgskulane.
4. Dersom vidare handsaming i Stortinget fører til vesentleg auke i oppgåvene vil ein kunne vurdere om landsdelsmodellen er ei betre løysing for Sogn og Fjordane.

Fylkesrådmannen har mellom anna teke utgangspunkt i dette vedtaket i si behandling av høyringsnotatet og endeleg innspel til regional inndeling.

Det blir lagt opp til at forvaltningsreforma skal tre i kraft frå 01.01. 2010.

3. Generelle merknader til oversendingsbrevet og sjølve høyringsnotatet

Innanfor viktige politikkområde representerer framlegga til oppgaveoverføring ei utviding og styrking av regionane sine oppgåver og ansvar.

I KRD sit oversendingsbrev blir det presisert at ansvaret for dei utgreiingane som er gjorde ligg hjå det enkelte fagdepartementet og at spørsmåla av fagleg karakter difor må rettast til vedkommande fagdepartement.

Fylkesrådmannen meiner at dette er ei stor svakheit ved høyringsnotatet. Det er såleis ikkje gjort ei heilskapeleg vurdering av framlegga til overføring av oppgåver innanfor den enkelte sektoren. Heller ikkje om summen av framlegga samsvarar med Stortinget sine føresetnader for reforma.

Denne heilskapsvurderinga vil først bli gjort av regjeringa ved framlegginga av proposisjonen til Stortinget hausten 2008.

Fylkesrådmannen vil understreke at det vil vere Stortinget si behandling av St.melding nr 12 (2006-2007) som må danne det politiske grunnlaget for høyringsnotatet om oppgåvene, og som må liggje til grunn for fylkeskommunen sin uttale. Høyringsnotatet føl på ingen måte opp dei politiske føringane gjevne i St.melding nr 12 (2006-2007) og av Stortinget i deira behandling av meldinga.

Det er lite gjennomslag for både Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kommunenes Sentralforbund (KS) og kommunesektoren elles sine synspunkt i høyringsnotatet.

Fleire departement argumenterer for at ei endring av oppgåvedelinga gjev auka kostnader og representerer ei "byråkratisering". Det er grunn til å minne om at dei overordna måla med

forvaltningsreforma er eit forsterka folkestyre lokalt og regionalt og at ein gjennom regional samordning skal auke verdiskapinga og sysselsettinga ved å nytte dei lokale fortrinna. Dette er klare gevinstar som burde fått ein større plass i høyringsnotatet og skuldast truleg KRD sitt fråverande grep på heilskapen i vurderinga av framlegga.

Høyringsnotatet tykkjest slik sett å vere prega av embetsverket sine premisser meir enn å ta høgde for gitte politiske føringar. Ein kan kanskje ikkje vente at korkje det statlege embetsverket, statlege direktorat og fylkesmannsembeta frivillig vil gje frå seg makt og mynde til det regionale folkevalde nivået.

4. Prinsipielt utgangspunkt for merknadane til høyringsnotatet

Fylkesrådmannen har i sitt framlegg til høyringsuttale teke utgangspunkt i dei politiske rammene for forvaltningsreforma slik dei er

1. - presentert i St.melding nr. 12 (2006 - 2007),
2. - avklart gjennom Stortinget si behandling av meldinga og
3. - avklart gjennom Fylkestinget sitt vedtak i sak 11/07.

Fylkestinget gjekk inn for ein forsterka fylkeskommune i sin første uttale til regioninndeling. Dette med utgangspunkt i den oppgåveporteføljen som låg føre ved Fylkestinget si handsaming. Fylkesrådmannen har i sitt framlegg til uttale vurdert forslaga i høyringsnotatet i forhold til ei regioninndeling med forsterka fylkeskommune.

I arbeidsdelinga mellom Fylkesmannen og regionane legg fylkesrådmannen ei slik arbeidsdeling til grunn:

Dei fleste oppgåvene på aktuelle område som i dag ligg til Fylkesmannen og som ikkje er knytte til tilsyn, motsegn, klage og kontroll (samt rettleiing i høve desse), må overførast til regionane. Herunder ligg også ansvaret for gjennomføring og regional tilpassing av nasjonal politikk på områda.

På andre område er det viktig å få overført oppgåver frå staten til regionane som er særleg viktige for den regionale utviklinga.

Både i Stortingsmelding nr 12 og i Stortinget sin uttale til denne vil ein finne rom for ei slik tolking. KS meiner på si side at det er Regjeringa og Stortinget sitt utgangspunkt at alle politiske oppgåver på regionalt nivå og som er viktige for den regionale utviklinga, skal samlast i dei folkevalde regionane.

Utgangspunktet for regionreforma er uttrykt slik i stortingsmeldinga:

”Regjeringen legger opp til at utviklingsoppgaver skal utgjøre en vesentlig del av regionenes oppgaver, i tillegg til tjenesteoppgavene som overføres fra dagens fylkeskommuner. En fruktbar utvikling må skje nedenfra, med utgangspunkt i ulike regionale og lokale forutsetninger. Lokale og regionale myndigheter har best kunnskap om lokale forhold, og kan i kraft av den prioriterte og avveide den offentlige innsatsen på en effektiv og målrettet måte. Regionene må gis de nødvendige virkemidlene for å ha reell beslutningsmyndighet og spille en sentral rolle i utviklingen av regionen. Som en dominerende utviklingsaktør vil regionene kunne utløse og styrke ønskede endringsprosesser basert på stedbundne kvaliteter og regionale og lokale muligheter og preferanser. Desentralisering av viktige oppgaver innen samferdsel, miljøvern, landbruk, marin sektor, kultur, utdanning og forskning, styrking av den regionale planlegg-

ingen og den regionale innflytelsen over Innovasjon Norge og SIVA, og tydelig oppgave- og ansvarsfordeling blir derfor viktige virkemidler for å sikre ønsket samfunnsutvikling.

Overføring av en rekke oppgaver til regionene vil åpne muligheten for lokale og regionale samordningsløsninger, fordi sektorer som er nært koblet til hverandre samles i ett organ. Den sterke sektororienteringen i forvaltningen begrenser i dag mulighetene til helhetsvurderinger og tilpasning av løsninger til regionale og lokale forhold og endrede forutsetninger. En styrking av samordningen regionalt vil motvirke sektoriseringen og bidra til økt verdiskaping til beste for innbyggere, næringsliv og samfunnet for øvrig. Dette krever at den nasjonale styringen på områder som legges til de nye regionene ikke legger unødige hindringer i veien for mulighetene for bedre samordning regionalt.”

5. Heilskapen i regionane sine oppgåver

Fylkesrådmannen legg som sagt til grunn – med forsterka fylke som utgangspunkt - at alle politiske oppgåver på det regionale nivået som er viktige for den regionale utviklinga skal samlast i dei folkevalde regionane. I så måte er det avgjerande at ein gjer ei heilskapeleg vurdering av kva oppgåver som skal overførast. Og ikkje slik som det er gjort i høyringsnotatet med sektorvise utgreiingar.

Høyringsnotatet er til dømes inkonsekvent i høve på kva område regionane skal stå for gjennomføringa av nasjonal politikk. Innan utdanning blir dei tillagt ei slik oppgåve, mens innan miljø- og landbruksområdet blir det argumentert mot å legge slike oppgåver til regionane.

Ein kort gjennomgang av viktige politiske kjerneområde for regional utvikling og døme på oppgåver som bør overførast for å kunne utøve ein effektiv og samla politikk på områda, kan illustrere dette:

Næringsutvikling – innovasjon og kompetanse/FOU

Det er spesielt viktig at næringsutviklingsarbeidet i regionen dekkar alle næringar, særleg landbruket og andre næringar som er tungt forankra i lokale og regionale ressursar.

Ideelt sett bør regionane ha kontroll over både dei tilretteleggjande og bedriftsretta verkemidla; også i høve landbruket. Dette for å kunne utrette ein heilskapeleg regional næringspolitikk.

Regionale forskingsfond vil kunne styrke regionane på eit kjerneområde innanfor det regionale utviklingsarbeidet.

Samferdsle – kollektivtransport og nasjonal/regional transportplanlegging

Dette er eit anna kjerneområde i det regionale utviklingsarbeidet.

Overføring av vesentlege oppgåver innan vegsektoren, ved at kollektivtransporten vert styrka og eit vesentleg auka ansvar for nasjonal/regional transportplanlegging vil gje regionane kontroll over verkemiddel som har mykje å seia for mellom anna busetnad og næringsutvikling. Føresetnaden er likevel at det vert kompensert fullt ut for standar og at tilstrekkeleg tal fagpersonale vert overført.

Kultur – idrett - friluftsliv - folkehelse

Desse områda er spanande nye kjerneområde som er under utvikling i regionane.

Det bør vere eit heilskapeleg og koordinerande regionalt ansvar for dette politikkområdet; eit område som har mykje å seia for det enkelte mennesket sin livskvalitet.

Regional planlegging

Forsterka regional planlegging med opning for å utarbeide juridisk bindande regionale planbestemmelsar kan bli ein viktig reiskap i høve samordna regional areal- og transportplanlegging, klimautfordringar, kystzoneplanlegging med meir.

Fylkeskommunane er gjennom gjeldande plan og bygningslov, og framlegg til ny planlov, tillagt rolla som regional planstyresmakt. Gjennom ansvarsreforma og no forvaltningsreforma vart det ytterligare teke høgde for å styrke det folkevalde nivå si rolle som regional styresmakt. Fylkeskommunane kan gjennom bindande fylkesdelplanar leggje føringar innafor ei rekkje samfunnsområde - tilpassa dei regionale utfordringane, og som er statleg godkjend i høve overordna nasjonale mål. Det er viktig at staten gjennomfører ein reell prosess for å skilje ut kva som er tydeleg nasjonale interesser, og gjennom det ryddar større plass til ein politikk som er betre tilpassa dei regionale utfordringane. Men fylkeskommunane får ikkje reell kraft og legitimitet i dette arbeidet før dei tilhøyrande økonomiske, faglege og juridiske verkemiddela vert overført frå statleg nivå som i dag er svært uoversiktleg og fragmentert.

Miljø – klima – energi

Politikkområdet vil krevje mykje politisk innsats nasjonalt, regionalt og lokalt. Viktige nasjonale klimautfordringar vil mest effektivt kunna møtast med samordna politisk innsats på det regionale nivået. Jf. elles det som er sagt ovanfor om regional planlegging.

6. Konkrete merknader til forslaga i høyringsnotatet.

Forslaga i høyringsnotatet er presentert tematisk i kap 3-10. Fleire av forslaga i stortingsmeldinga er anten ikkje vurderte eller utsette til ei seinare behandling. Andre forslag frå fylkeskommunane som blei lanserte i førre høyringsrunde er heller ikkje vurderte.

Forslaga som blir behandla er oppsummerte i kapittel 1.2.1 i høyringsnotatet. Oppsummeringa er gjort departementsvis.

I oversendingsbrevet ber KRD kommunane og fylkeskommunane om å redigere høyringsuttalane slik at det tydeleg går fram kva departementsområde uttalen referer seg til.

Vi har difor valt å behandle forslaga departementsvis i rekkefølge frå kapittel 3 til 10. Dette er disponert slik at vi først gjengir forslaget i høyringsnotatet (henta frå kapittel 1.2.1, eventuelt med nokre suppleringar) og deretter gir fylkesrådmannen sine merknader..

6.1 Oppgåver på Kunnskapsdepartementet sitt område (kapittel 3, side 4 og 31)

"Enkelte oppgaver innen informasjon, veiledning og kvalitetsutvikling som fylkesmennene utfører på grunnopplæringsområdet skal overføres til regionene. Hvilke konkrete oppgaver regionene kommer til å ivareta vil bl.a. avhenge av hvilke statlige satsingsområder som defineres framover. Dagens oppgaver er knyttet til nasjonalt kvalitetsvurderingssystem, kvalitetsutvikling, kompetanseutvikling samt informasjon og veiledning til kommuner, eiere av friskoler og allmennheten om innhold, prinsipper og mål i den nasjonale utdanningspolitikken. Regionenes funksjon foreslås nedfelt i en generell bestemmelse i opplæringsloven. Regionenes oppgaver vil bli definert nærmere gjennom forskrift eller på annen måte.

Regionene skal overta ansvar for drift og finansiering av fagskoleutdanning. Dette innebærer at de tekniske fagskoleutdanningene og fagskoleutdanningene i helse- og omsorgsfag som fylkeskommunene i dag driver, overføres til regionene. Regionene får et generelt ansvar for å sørge for at det finnes et tilbud av godkjent fagskoleutdanning i regionen som tar hensyn til lokalt, regionalt og nasjonalt kompetansebehov innenfor prioriterte samfunnsområder. Regionene står fritt til å avgjøre hvorvidt fagskoletilbudet i regionen skal realiseres i egen regi eller

gjennom finansiering av private tilbydere. .. En generell retningslinje for oppgavefordeling mellom forvaltningsnivåene, er at det forvaltningsnivå som har ansvar for en oppgave også skal ha det fulle finansielle ansvaret. I Innst. S. nr. 166 (2006-2007) uttaler flertallet at de nye regionene i hovedsak skal finansieres gjennom rammeoverføringer og skatt. Departementet legger på denne bakgrunn opp til å innlemme midlene som bevilges over kap. 276 Fagskoleutdanning post 70 Tilskudd til fagskoleutdanning i rammetilskuddet til de nye regionene. Departementet har behov for å vurdere nærmere finansieringen av fagskoleutdanningene i helse- og omsorgsfag.

I samsvar med kommunal- og forvaltningskomiteens merknad i Innst. S. nr. 166 (2006-2007) foreslås det at universitets- og høyskoleloven endres slik at regionene overtar ansvaret for å oppnevne to av de eksterne styremedlemmene ved de statlige høyskolene. Dette bør etter departementets vurdering ikke gjelde for Samisk høgskole og kunsthøgskolene, som allerede har lovfestet særlige ordninger for oppnevning av styrerepresentanter. Styrene bør fortsatt ha anledning til å fastsette en annen styresammensetning enn lovens normalordning.

Etablering av regionale forskningsfond skal supplere de nasjonale FOU-virkemidlene. Det er lagt til grunn at de regionale fondene skal opprettes med virkning fra 1.januar 2010. Det er avkastningene av fondene som skal benyttes. Samlet størrelse på fondene og regional fordeling av fondsmidler behandles som sak i den ordinære statsbudsjettprosessen. Norges Forskningsråd har på oppdrag fra Kunnskapsdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet utredet innretningen på de regionale forskningsfondene. Rapportens sammendrag følger som vedlegg til dette høringsnotatet."

I Innst. S. nr. 166 (2006-2007) sidene 11 og 12, jf. St. meld. nr. 12 (2006-2007) framgår: "Det er nedsatt et utvalg som skal vurdere studieforbundenes rolle. Det tas stilling til hvilket forvaltningsnivå som skal ha ansvar for tilskuddsforvaltningen for voksenopplæring etter at utvalget har presentert sin tilråding høsten 2007." (side 41)

Utvalget ble oppnevnt av Kunnskapsdepartementet 27. oktober 2006 og hadde som mandat blant annet å vurdere studieforbundenes oppgaver og rolle for den enkelte, for arbeidslivet og for samfunnet. ... Utvalgets anbefalinger og forslag framgår bl.a. i kap. 7 i NOU 2007: 11. ... Utvalget foreslår at ansvaret for all grunnopplæring for voksne samles i fylkeskommunen. ... Utvalgets anbefalinger er enstemmige. NOU 2007: 11 ble sendt på bred høring i september 2007 fra KD og med høringsfrist 14. januar 2008. Kunnskapsdepartementet vil på grunnlag av NOU 2007: 11 og høringsuttalelsene til denne ta stilling til videre oppfølging av utvalgets tilråding. (side 41)

Fylkesrådmannen sine merknader

Fylkesrådmannen har ingen merknader til at enkelte oppgaver innan informasjon, rettleiing, kvalitetsutvikling og kompetanseutvikling blir overførte frå fylkesmennene til regionane.

Det er òg naturleg at regionane får overført ansvaret for fagskuleutdanninga. Prinsippet om rammefinansiering må gjelde; også for finansieringa av fagskuleutdanningane i helse- og omsorgsfag.

Fylkesrådmannen har ingen merknader til at regionane no får ansvaret for å oppnemne styremedlemar til statlege høgskular. Derimot er eg usamd i unntaksbestemmelsen i høve statlege kunstskular. Regionane skal ha ansvaret for kultur og regional utvikling og fylkesrådmannen legg til grunn at Stortinget sin merknad blir følgt opp også på dette området.

Fylkesrådmannen etterlyser oppfølginga av Stortinget sin merknad i Inst. S. nr. 116 (2006-2007) om forpliktande konsultasjonsordningar:

"Flertallet ber om at det etableres forpliktende konsultasjonsordninger mellom de statlige høyskolene og regionene. Dette for at høyskolene skal ta del i det regionale

utviklingsarbeidet og bidra til gjennomføring av regionalpolitiske mål nedfelt i de til enhver tid gjeldende regionale styringsdokumenter vedtatt av regiontinget.”

Dette er ikkje omtalt i høyringsnotatet og vi føreset at Regjeringa følgjer opp saka i samsvar med Stortinget si markering.

Regjeringa har enno ikkje følgd opp NOU 2007:11 (Tron-utvalet). Fylkesrådmannen legg til grunn at regionane overtek ansvaret for all grunnopplæring for vaksne. Dette må no følgjast opp i samband med forvaltningsreforma med overføring av ansvaret frå 2010.

Regionale forskingsfond

I høyringsnotatet er det teke inn eit samandrag av Forskningsrådet si ”Utredning om opprettelse av regionale forskingsfond.” og høyringsbrevet ber om fråsegn til denne. Sjølve utgreiinga følgjer saka som uprenta vedlegg.

Fylkesrådmannen meiner at regionale forskingsfond vil bli eit verdifullt nytt verkemiddel for regionane. Forskningsfonda vil gje regionane betre tilgang på forskning som ein viktig føresetnad for utviklinga i regionane,; ei forskning som vert utført i dei best kvalifiserte miljøa regionalt, nasjonalt eller internasjonalt. Forskningsfonda vil på litt lengre sikt styrke utviklinga og oppbygginga av kompetanse i alle deler av landet.

Utgreiinga tek i hovudtrekk vare på regionane sine interesser på ein god måte. Forslaget om ulike finansieringsordningar til ulike forskingsformål er et godt grep, og styringsmodellen verker hensiktsmessig sjølv om den er krevjande og utfordrande.

Fylkesrådmannen vil merke følgjande:

- Ordninga må finansierast med friske midlar. Dei økonomiske rammene for ordninga bør minimum være på 400 mill. kr. i fondsavkastning pr år.
- Ein nasjonal konkurransepott er unødvendig og kan verke byråkratiserande
- Fondet må være fullfinansiert ved oppstart og ha 100% avkastning frå første dag.
- Regionane må leie sekretariata

Fylkesrådmannen støttar utgreiinga der ein går inn for at dei regionale forskingsfonda minimum må dekke meir enn eitt av dagens fylke, slik at dei får ein viss kritisk minstestørleik og blir slagkraftige. Det er trong for vidare prosessar knytt til dette inndelingsspørsmålet.

Desse synspunkta er i samsvar med uttale frå fylkesordførar/-rådskollegiet om regionale forskingsfond.

6.2 Oppgaver på Samferdselsdepartementet sitt område (kapittel 4, side 7 og 43)

” Flere spørsmål tilknyttet samferdsel er vurdert. Når det gjelder framtidig ansvar for kjøp av persontransport med tog, vil det ikke bli gjort generelle endringer i dagens organisering av kjøperollen. Samferdselsdepartementet vil likevel bruke sine virkemidler på jernbaneområdet slik at det blir lagt til rette for gode, integrerte kollektivløsninger lokalt/regionalt. Regionene skal trekkes aktivt inn i dette arbeidet. Som en oppfølging av St.meld. nr. 31 (2006-2007) *Åpen, trygg og skapende hovedstadsregion - Hovedstadsmeldingen*, skal det vurderes nærmere hvordan regionale myndigheter kan få en sentral rolle i kjøp av persontransport med tog i Oslo-regionen.

Det er utarbeidet forslag til prinsipper for klassifisering av stamveier og (fremtidige) regionale veier. Disse presenteres i kapittel 4 i dette høyringsnotatet. Statens bevilgninger til de nye regionvegene skal inngå i rammetilskuddet. Endelig klassifisering og fordeling av midler vil bli

nærmere utredet og avgjort etter at tallet på regioner er avklart. Omfanget av statlige føringer og konkrete forslag om lovendringer vil også bli utredet etter at antallet regioner er bestemt. Saken vil bli presentert for Stortinget så snart som mulig etter dette.

Ut fra de foreslåtte kriteriene vil regionene i en forsterket fylkesmodell ha ansvaret for ca. 80 pst av det offentlige vegnettet (utenom kommunalt vegnett). Ved store regioner vil kriteriene medføre at litt flere av øvrige riksveger blir overført til regionene. Når det gjelder behov for statlige føringer vil disse særlig være knyttet til enhetlig standard for drift, vedlikehold og investeringer, trafikksikkerhet, beredskap og Forsvarets behov.

Ved forsterket fylkesmodell skal Statens vegvesen beholdes samlet, men enkelte oppgaver innen planlegging etter plan- og bygningsloven og konkret planlegging og drift av kollektivtransport overføres til fylkeskommunene. I en regionmodell vil hoveddelen av Statens vegvesen sine oppgaver kunne overføres til regionene, utenom fagområdene tunnel, bru/ferjekai, vegtrafikksentralene, transportanalyser, forskning og utvikling, internasjonalt arbeid og byggherreansvaret for stamveger, samt sentralfunksjoner innen fagområdene planlegging, trafikkdata, trafikksikkerhet, byggherre, geodata og miljø. Uansett modell for regional inndeling legger regjeringen til grunn at trafikant og kjøretøyområdet (omtalt som trafikkstasjoner i stortingsmeldingen) fortsatt skal være statlig. Regionene skal få sterkere innvirkning på lokalisering av trafikkstasjonene."

Under kapittel 4.2.2 blir det sagt følgende om dei budsjettmessige konsekvensane (side 49-50):

" Staten bevilger i dag øremerkede midler over Samferdselsdepartementets budsjett til stamveger, øvrige riksveger og andre veg- og vegtrafikkformål. En overføring av ansvaret for øvrig riksvegnett innebærer at en betydelig del av statens midler vil bli trukket ut av Samferdselsdepartementets budsjett. Statens midler vil bli overført til regionene som rammetilskudd over Kommunal- og regionaldepartementets budsjett. Det legges opp til å trekke ut de midler som staten i dag benytter til øvrig riksvegnett og øvrige riksvegferjesamband til regionenes rammetilskudd. Områder på Samferdselsdepartementets budsjett som det er aktuelt å overføre midler fra vil være drift og vedlikehold, investeringer, rassikring og kjøp av riksvegferjetjenester.

Det er tatt som utgangspunkt at prioriteringer mellom stamveger og øvrige riksveger i Nasjonal transportplan for 2010-2019 og Stortingets behandling av denne skal ligge til grunn for den relative fordelingen av statlige investeringsmidler mellom de to vegkategoriene. Stortinget skal fortsatt behandle alle bompengesaker på det offentlige vegnettet, og bompenger vil derfor ikke bli inkludert i rammetilskuddet.

Saken er ikke utredet tilstrekkelig til at det kan gis en mer omfattende oversikt over prinsipper for framtidig fordeling av midler nå. Det er lagt opp til at endelig fordeling av bevilgninger til stamveger og regionveger skal fastsettes i kommuneproposisjonen for 2010."

Under kapittel 4.3.1 blir det mellom anna sagt følgende om oppgaveoverføringa frå Statens vegvesen ved ein forsterka fylkesmodell (side 55):

"Oppgaveoverføring ved forsterket fylkesmodell

Dersom det blir en forsterket fylkesmodell holdes Statens vegvesen samlet, jf. begrunnelse nedenfor, men enkelte oppgaver innenfor generell vegplanlegging og kollektivtransport overføres. Dette gjelder for eksempel enkelte oppgaver innenfor generell planlegging etter plan- og bygningsloven. Bl.a. vil det være behov for planleggere som kan integrere generell planlegging i regionplanleggingen. Det er også aktuelt å overføre enkelte oppgaver knyttet til konkret planlegging og drift av kollektivtransport.

Det er imidlertid nødvendig at staten har tilstrekkelig kompetanse og kapasitet for å kunne styre planprosesser og utredningsoppgaver, samt vurdere den faglige kvaliteten på planforslag og utredninger. Dette angår en rekke fagtema innenfor det tverrfaglige planleggingsområdet."

Fylkesrådmannen sine merknader

Det er positivt at øvrige riksvegar blir overførte til det regionale nivået. I dette ligg også at ferjesamband blir klassifiserte som den vegen dei er ein del av. Det vil seie at ferjesamband på regionvegar blir regionvegsamband og ferjer på stamveg blir stamvegsamband.

Det må vere ein absolutt føresetnad at kostnadane blir kompenserte fullt ut og at vegnettet blir overlevert i forsvarleg stand. Dessverre legg staten opp til at det øvrige riksvegnettet skal overtakast med den standarden dette vegnettet har på tidspunktet for overtaking. Ei slik ordning kan ikkje akseptrast; spesielt når vi veit at det er eit etterslep i vårt fylke på vel 1 milliard kroner på vedlikehaldet (berekna i NTP). Manglande vegstandard på overføringstidspunktet må kompensrast. Dette er i samsvar med ordningane som gjeld for fylkesvegar i høve ansvarsoverføring mot kommunane.

Spørsmålet om økonomisk kompensasjon til regionane er ikkje tilstrekkeleg utgreidd. Fylkesrådmannen føreset at kommunesektoren blir trekt aktivt inn i det vidare utgreiingsarbeidet knytta til finansieringa av dei øvrige riksvegane frå 2010. Dette vil også gjelde oppfølginga av NTP frå 2010.

Vesentlege overføringar av oppgåver frå Statens vegvesen til regionane føreset få regionar. Ved ein forsterka fylkesmodell blir berre enkelte oppgåver innanfor generell vegplanlegging og kollektivtransport overført (sjå sitat ovanfor).

Spørsmålet om overføring av personale frå vegvesenet til fylkeskommunen er avhengig av fleire tilhøve. Skal regionane bli ei aktiv prioriteringsmyndigheit innanfor vegsektoren, er det nødvendig at dei har ansvaret for dei strategiske prosessane rundt det regionale vegnettet. Dette gjeld både i forhold til overordna langtidsplanar og utbyggingspakkar og i forhold til dei årlege budsjetta, noko som krev fagkompetanse utover den planleggings- og samferdselskompetansen som fylkeskommunane har i dag

Ved ei oppretthalding av vegregionane om lag som i dag, kan ein tenke seg ein modell der fylkeskommunen overtek det politiske ansvaret for det øvrige riksvegnettet i høve til utarbeiding av handlingsprogram, budsjett m.m. Fylkesrådmannen meiner at dette i hovudsak kan skje på same måte som fylkeskommunen har for dagens fylkesvegnett. Her er fylkeskommunen vegeigar med m.a. budsjettansvar og planansvar. Statens vegvesen er utøvande vegstyresmakt på vegne av fylkeskommunen. Etter ein slik modell vil Statens vegvesen få sine føringar, bestillingar og krav om rapportering frå fylkeskommunen -- ikkje vegdirektorat/departement slik som i dag. Dette vil likevel medføre at fylkeskommunen må styrke sin bestillarkompetanse og bygge opp eit apparat for oppfølging av Statens vegvesen på det regionale vegnettet.

Får ein derimot ei utvikling der Statens vegvesen si regionorganisering vert monaleg svekka, må personalet i Statens vegvesen som i dag arbeider med overordna planlegging, utbyggingspakkar og årlege budsjetter i høve "øvrige" riksvegar overførast til regionane. Statens vegvesen kan behalde ansvaret for konkret planlegging, detaljprosjektering, utbygging og drift/vedlikehald av prosjekt (den tekniske vegkompetansen). Ved ei overføring av ansvaret for riksvegferjene til fylkeskommunane vil Statens vegvesen sitte igjen med ansvaret for kun 10 stamvegsamband. Det er grunn til å rekne med at desse sambanda kan følgjast opp av vegdirektoratet. Dersom det skjer vil det bli frigjort kompetanse og kapasitet innan ferjedrifta, som bør overførast til fylkeskommunane frå 1.1.2010. Denne kapasiteten og kompetansen kan nyttast til å samordne drifta av det som vert regionvegferjesamband og anna transport med båt som t.d. snøggbåt.

I oversendinga av planframlegget til Nasjonal transportplan (NTP) 2010 – 2019 syner Samferdsledepartementet og Fiskeri- og kystdepartementet til at dei nye regionane vil eige det meste av dagens "øvrige" riksvegar i tillegg til fylkesvegnettet frå januar 2010. I 2009 skal handlingsprogrammet til Nasjonal transportplan 2010 – 2019 utarbeidast. Det vil vere dei nye regionane som skal utarbeide handlingsprogram for det regionale vegnettet. Det er såleis opp til fylkeskommunalt/regionalt nivå å vurder korleis arbeidet med handlingsprogrammet, budsjett m.m. for det regional vegnettet skal styrast. I planframlegget til NTP er det lagt til grunn av reforma vert gjennomført som planlagt frå 2010 inkludert fordeling av planrammene mellom stamvegar og regionale vegar.

Vidare etterlyser fylkesrådmannen departementet si oppfølging av Stortinget sin merknad om at dei nye regionane bør ha ein viktig samordningsfunksjon i høve den totale kollektivtrafikken i sin region. Aktørane i kollektivtrafikken må dessutan forpliktast til å delta i eit regionalt samordningsarbeid. Departementet skriv ikkje anna enn at regionane aktivt skal trekkast inn i Samferdselsdepartementet sitt arbeid på jernbaneområdet utan å spesifisere dette nærmare.

6.3 Oppgaver på Nærings- og handelsdepartementet sitt område (kapittel 5, side 6 og 65)

"Innovasjon Norge skal videreføres som et nasjonalt særlovsselskap med kontorer regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Regionene skal samlet eie inntil 49 % av selskapet. Dette vil bli tatt inn i loven om Innovasjon Norge. Regionene forutsettes å ha like stor eierandel hver, totalt 9,6 mill. kroner (statens innskudd skal fortsatt være 10 mill. kr.) En slik endret eierstruktur krever flere lovendringer av overordnet karakter, mens vedtektene skal inneholde de mer detaljerte bestemmelsene.

Vedtektene vil bl.a. regulere regiontingets rett til å oppnevne to representanter direkte til de regionale styrene, organisering av hovedstyrevalg og etablering av valgkomité m.v.

Det legges opp til at SIVA kan opprette regionale innovasjonsselskaper sammen med regionene og eventuelt andre interessenter med regionale mål. SIVA bør være minoritetseier i selskapene og i utgangspunktet eie om lag 1/3 som på sikt kan reduseres til 1/5. For at selskapene skal ha tilstrekkelig innovasjons- og investeringskapasitet må både SIVA og regionene gå inn med et kontantinnskudd i tillegg til overføring av eierandeler i eksisterende selskaper regionalt."

Fylkesrådmannen sine merknader

Det primære standpunktet til fylkesrådmannen er at regionane burde ha fått totalansvaret både politisk, fagleg og finansielt for regionale utviklingsoppgåver. Dette gjeld også for Innovasjon Norge (IN) sitt regionale verkemiddelapparat, jf elles Fylkestinget sitt vedtak i sak 11/07.

Innanfor ramma av ein modell med delt eigarskap av Innovasjon Norge har fylkesrådmannen ingen spesielle merknader utanom at eigarskapsfordelinga på 49/51 må gjennomsyre heile organisasjonen. Det vil seie at regionane også må vere ein likeverdig part ved oppnemninga av representantar til dei regionale styra. Vidare må bestemmelsane om regional oppnemning av styrerepresentantar lovfestast og ikkje vedtektsfestast slik departementet no legg opp til.

Vidare bør det lov- eller vedtaksfestast at dei regionale direktørane skal tilsetjast av dei regionale styra og ikkje som i dag av administrerande direktør for IN.

Regjeringa og Stortinget meiner at rammefinansiering skal vere hovudprinsippet for finansieringa av regionane. Departementet omtalar ikkje dette forholdet nærmare i høyringsnotatet, men ein konsekvens av dette vil vere at øyremerka postar blir innlemma i rammetilskotet.

Vidare må Stortinget og regjeringa sine prinsipp føre til at viktige delar av løyvingane som i dag blir overførde frå departementa (KRD, NHD, FKD, LMD) til IN sentralt blir overførte direkte til regionane.

Det blir lagt opp til ei frivillig ordning for regionane om dei ønskjer å inngå samarbeid med SIVA om oppretting av regionale innovasjonsselskap. Isolert sett er fylkesrådmannen positiv til ei slik ordning, men det prinsipielle utgangspunktet er at SIVA bør overførast regionane.

6.4 Oppgaver på Fiskeri- og kystdepartementet sitt område (kapittel 6, side 4 og 79)

"Regionene vil få ansvar for tildeling av alle ordinære akvakulturtillatelser på aktørnivå innenfor egen region, klarering av lokaliteter samt å fremme eventuelle innsigelser på vegne av havbruksinteresser til kommunale (kystsoner)planer. Innenfor havressursforvaltningen skal regionene anvende og fordele regionens andel av skolekvoter, på grunnlag av statlig fastsatte rammevilkår og kvotefordeling. Regionene skal også overta oppgaven med å innvilge fellingstillatelser på kystsel, registrere antall felte dyr etc. Regionene vil også få myndighet til å gi lokale fiskerireguleringer innenfor gitte rammer. Dessuten vil regionene bli ansvarlige for utvikling av kriterier for deltakelse i og utøvelse av fisket etter kongekrabbe."

Fylkesrådmannen sine merknader

Fylkesrådmannen merkar seg at departementet i svært liten grad har makta og legge fram forslag til oppgaver av eit viss omfang og tyngde over til folkevalt regionalt nivå.

Ingen av oppgåvene vert overført frå sentralt statleg nivå, men vert plukka frå embetsverket ute i regionane.

Resultatet ser vi at ein går heilt ned på artsnivå for å finne oppgaver ein meiner å kunne overføre til regionalt folkevalt nivå. Oppgåvene står fram som fragmenterte og lite einskaplege. To av dei større forvaltningsområda som er føreslege overført (Kongekrabbe og lokale fiskerireguleringar), gjeld berre dei nordlegaste fylka, og har ikkje innverknad i vårt fylke.

Fylkesrådmannen stiller seg positiv til at fylkeskommunane skal kunne framme motsegn i kommunale kystsonerplanprosessar, noko som kan vere med å styrke den planrealterte akvakulturforvaltninga.

Inntrykket er likevel at folkevalt regionalt nivå sit att med få effektive verkemiddel. Ein føreset vidare at det vert overført tilstrekkeleg med personale og økonomiske ressursar slik at oppgåvene kan gjennomførast på ein god og tilfredsstillande måte for næringsaktørane.

6.5 Oppgaver på Miljøverndepartementet sitt område (kapittel 7, side 6 og 93)

"Det er foretatt en gjennomgang av fylkesmannens oppgaver på miljøområdet, i samsvar med det som ble varslet i stortingsmeldingen. Oppgaveporteføljen i fylkesmannens miljøvern-avdeling er knyttet til forvaltningsoppgaver etter forurensningsloven, naturvernloven, vannforvaltningsforskriften, forvaltning av både høstbare og truede/sårbare arter, jakt- og fiske samt allment friluftsliv. Dessuten har fylkesmannen en rekke oppgaver tilknyttet klagebehandling, innsigelse til arealplaner, tilsyn og kontroll. De sistnevnte oppgavene er ikke aktuelle for overføring til folkevalgte regioner. Fylkesmannens oppgaver knyttet til bevaring av innlandsfisk/høstbare viltarter og jakt/fiske på disse artene samt oppgaver med å tilrettelegge og ivareta allment friluftsliv skal overføres til regionene. Det samme gjelder vannregion-myndighet etter forskrift om vannforvaltning. Slik myndighet er nå lagt til 9 av fylkesmanns-embetene. Vannforvaltningsforskriften må endres som følge av denne omleggingen. I tillegg får regionene en styrket rolle i regional planlegging og i forhold til klimautfordringen.

Oppgavene tilknyttet forurensningsfeltet forutsettes beholdt hos fylkesmennene siden det arbeides med en omlegging fra enkeltkonsesjoner til forskriftsfestede standardkrav, noe som innebærer at fylkesmannens oppgaver i hovedsak blir å føre tilsyn med aktørene. Fylkesmennene skal også fortsatt ha ansvaret for regionale oppgaver innen truede og sårbare arter (bl.a. rovviit).

Spørsmålet om plassering av forvaltningsansvaret for områdevernet er utsatt og skal avgjøres som en del av arbeidet med ny lov om naturmangfold. Denne skal etter planen legges fram for Stortinget i løpet av 2008. Loven skal sikre at hensynet til ulike deler av naturvernet ivaretas."

På miljøområdet har vi i tillegg funne det rett å gjengi tekstomtalen under kapittel 11.7 som omhandler dei økonomiske og administrative konsekvensane av forslaga (side 129-130):

"De oppgavene som skal ligge igjen hos fylkesmannen, d.v.s. klagebehandling, kontroll, tilsyn, innsigelsesarbeidet knyttet til plan- og bygningsloven, forurensningsområdet og truede/ sårbare arter, vil kreve opprettholdelse av bred miljøfaglig kompetanse. Fylkesmannen må derfor ha kompetanse på hele miljøfeltet for å kunne gjøre en god jobb innen de nevnte områdene. Staten vil rendyrke forurensnings- og biomangfoldkompetanse i.h.t. klart statlige sektoroppgaver og ift arbeidet med å ivareta nasjonale miljøverdier i plansaksbehandlingen. Oppgavene som foreslås overført regionene vil kunne ses i sammenheng med andre regionale oppgaver innenfor planlegging, idrett, helse og ressursforvaltning i et bredere perspektiv. Regionene vil få kompetanse på friluftslivet og arenabygging, samarbeid med rettighetshavere og kommuner mv for å sikre bestander av høstbare arter og tilrettelegging for høsting. Regionene vil få hovedkompetansen og – ansvaret for allmennhetens interesser.

De oppgavene som foreslås overført regionene ivaretas i dag i stor grad av personer hvis kompetanse fortsatt vil kreves hos fylkesmannen. Det antas at regionene i ulikt omfang vil ha behov for kompetanseutvikling og kapasitet innenfor feltene friluftsliv, biologi og vassdragsforvaltning. Mange fylkeskommuner har slik kompetanse allerede i dag. Det er ikke gjort en nøyaktig utregning av det tidsmessige omfanget av arbeidsoppgaver som foreslås overført. Et slikt kartleggingsarbeid og vurdering vil bli gjennomført så langt oppgavefordelingen mellom fylkesmennene og regionene er klarlagt. Deler av arbeidet med vannrammedirektivet hos vannregionmyndighetene og øvrig fylkesmannsembeter finansieres i dag med bevilgninger over Miljøverndepartementets budsjett. Det vil være naturlig at plan- og prosessmidlene til dette arbeidet overføres til regionene sammen med overføringen av oppgavene i tilknytning til gjennomføringen av direktivet i Norge.

Forvaltningen av tilskuddspostene til friluftsliv som i dag tilligger fylkesmannen, foreslås overført til regionene. Forvaltningen av den delen av vilffondet som går til lokale vilftiltak knyttet til høstbare arter foreslås også overført til regionene.

Regjeringen mener en med dette forslaget foretar en opprydding mellom statlige oppgaver hvor regionalt handlingsrom er lite og behovet for et nasjonalt helhetsgrep er helt nødvendig, og oppgaver av mer utviklingskarakter. Vannrammedirektivet er et unntak, men her er begrunnelsen at hovedvirkemiddelet ligger i til plan- og bygningsloven som regionene har ansvaret for på regionalt nivå. På dette området vil sterkere styringsvirkemidler enn det regionene ellers er vant med, bli etablert.

Regjeringen mener forslaget ikke gir grobunn for etablering av dobbeltkompetanse. Vinklingen på fylkesmannens og regionenes framtidige arbeid blir ulik. Fylkesmannen blir kontrollinstans, klagemyndighet og gjennomfører av rent statlig politikk, mens regionene får nye verktøy i rollen som regional utviklingsaktør."

Fylkesrådmannen sine merknader

Den føreslegne oppgavefordelinga på miljøområdet mellom fylkesmannen og regionane er ikkje i samsvar med fylkesrådmannen si prinsipielle haldning. Den er heller ikkje i samsvar

med Stortinget sine politiske føringer ved behandlinga av Stortingsmeldinga (jf. Inst. S. nr. 166 (2006-2007), kapittel 4.4.2):

”Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Senterpartiet og Venstre, ser det som viktig for å få en klar ansvarsdeling at alle oppgaver med regionalpolitisk skjønn legges til de nye regionene. Det er flere oppgaver hos fylkesmannen i dag som har konsekvenser for den regionale samfunnsutviklingen, og som derfor bør underlegges regionalpolitiske prioriteringer og beslutninger.

Flertallet gir sin støtte til Regjeringens utgangspunkt om at de fleste oppgavene på landbruks- og matområdet og miljøvernområdet som i dag tilligger fylkesmannen, blir overført til regionene med unntak av klagebehandling, innsigelse, lovlighetskontroll og tilsyn. Fylkesmannen skal fortsatt ha veiledningsansvar for de oppgaver som blir igjen. Flertallet mener det er viktig å gi regionene det helhetlige ansvaret og virkemidlene for de oppgaver som krever utøvelse av regional politisk skjønn i miljø og landbruksforvaltningen. Flertallet viser til at det er viktig å se landbruks - og miljøområdet som et globalt og tverrsektorielt samfunnsområde. Dette innebærer at internasjonale avtaler legger føringer for nasjonal politikk. Flertallet vil videre påpeke at i en enhetsstat som Norge kan oppgaver overføres samtidig som man for eksempel gjennom nasjonal lovgivning kan nå bestemte mål, som foreksempel en restriktiv jordvernpolitikk.

Flertallet vil peke på at det er omfattende oppgaveoverføringer til det folkevalgte nivå som det nå legges opp til.”

Det er fylkesrådmannen si klare oppfatning at Stortinget sine føresetnader ikkje blir følgde opp i høyringsnotatet med omsyn til oppgaveoverføringer frå fylkesmannen til regionen på miljøområdet. Det er ikkje lagt opp til at dei fleste oppgavene på miljøvernområdet som i dag ligg hjå fylkesmannen, blir overførde til regionane.

Det er viktig å slå fast at det ikkje er noko avgjerande argument mot å overføre oppgavene frå staten til regionane at desse er knytte til internasjonale avtalar og sterke nasjonale interesser til eit politikkområde. Regjeringa og Stortinget disponerer ei rekkje verkemiddel som kan sikre at nasjonale mål og interesser blir ivaretekne sjølv om oppgåva blir overført til regionane. Som døme på dette kan mellom anna nemnast fylkeskommunane sitt ansvar for vidaregåande opplæring.

Det er positivt at fylkeskommunane får ansvaret for vassressursforvaltninga.

Fylkesmannen sine oppgaver på miljøområdet må avgrensast til klagebehandling, motsegn, lovlegheitskontroll og tilsyn, og eigen miljøfagleg kompetanse må reduserast til eit nødvendig minimum.

6.6 Oppgaver på Landbruks- og matdepartementet sitt område (kapittel 8, side 5-6 og 110)

”St.meld. nr. 12 (2006-2007) varsler en gjennomgang og vurdering av fylkesmannens oppgaver på landbruks- og matområdet. Denne gjennomgangen er foretatt. Fylkesmannen har en sentral rolle som utviklingsorgan og er en viktig aktør for å følge opp de nasjonale landbrukspolitiske målene i det enkelte fylke. Videre er fylkesmannen kompetansesenter for kommunene, fører kontroll med tilskuddsordningene (som forvaltes av kommunene), er saksforberedende organ for fylkeslandbruksstyret og er aktiv i samfunnsplanleggingen.

Regjeringen er opptatt av å styrke ansvar og samordning av regional næringsutvikling. I den forbindelse vil regjeringen vurdere overføring av forvaltningen av bygdeutviklingsmidlene knyttet til tilrettelegging og utvikling, samt de funksjoner fylkesmennene har i verdiskapingsprogrammene fra fylkesmennene til det regionale folkevalgte nivå. Allerede i dag er det et tett samarbeid mellom fylkeskommunene og fylkesmennene gjennom det regionale partnerskapet og arbeidet med regionale utviklingsprogram. Det vil bli gjort en vurdering av hvordan samspillet på området kan effektiviseres og målrettes. Samtidig er det viktig å sikre et tilfredsstillende kompetansemiljø på landbruks- og matområdet regionalt.

Regjeringen har gjennom hele prosessen hatt som utgangspunkt at det skulle skje betydelige oppgaveoverføringer både på miljøvern- og landbruks- og matområdet. St.meld. nr. 12 (2006-2007) la til grunn at de fleste oppgavene fra disse sektorene skulle overføres, men at det imidlertid skulle vurderes nøye i hvert enkelt tilfelle og skje på en måte som sikret mulighetene til å nå nasjonale politiske mål og internasjonale forpliktelser på områdene. Dette vektla også Stortinget i sin behandling av saken, jf. Innst. S. nr. 166 (2006-2007).

I forbindelse med gjennomgangen av oppgavene på miljøvernområdet har Regjeringen besluttet at forvaltningsansvaret for områdevernet skal avgjøres som en del av arbeidet med ny naturmangfoldlov som etter planen skal legges fram i løpet av 2008.

Spørsmål om overføring av forvaltningen på landbruksområdet må etter Regjeringens syn ses i sammenheng med den løsning som velges for overføring av forvaltningen på miljøområdet."

Fylkesrådmannen sine merknader

Departementet har her ikkje følgd opp Stortinget sine merknader om ei klar arbeidsdeling der alle oppgaver med regionalpolitisk skjønn blir lagt til dei nye regionane. Verken fylkesrådmannen sitt prinsipielle standpunkt eller Stortinget sine føresetnader blir følgde opp i høyringsnotatet med omsyn til oppgaveoverføring frå fylkesmannen til regionen på landbruksområdet. Det er ikkje lagt opp til at dei fleste oppgavene på landbruksområdet som i dag ligg hjå fylkesmannen blir overført til regionane

Det er spesielt viktig at næringsutviklingsarbeidet i regionen dekkar alle næringar, særleg landbruket og andre næringar som er tungt forankra i lokale og regionale ressursar.

Ideelt sett bør regionane ha kontroll over både dei tilretteleggjande og bedriftsretta verkemidla; også i høve landbruket. Dette for å kunne utrette ein heilskapeleg regional næringspolitikk.

Landbruksoppgåvene må såleis koplust opp mot fylkeskommunane sitt breie arbeid med planlegging, nærings- og kompetanseutvikling, men også opp mot kulturminnevern og landskap – alt i nært samspel med kommunane.

Fylkesrådmannen er kritisk til at høyringsnotatet ikkje er tydelegare på at oppgaver på landbruksområdet skal overførast til regionane.

6.7 Oppgaver på Kultur- og kyrkjedepartementet sitt område (kapittel 9, side 5 og 115)

"I Innst. S. nr. 166 (2006-2007) forutsettes det bl.a. at "regionene bør få det fulle ansvaret for å forvalte spillemidlene til kulturbygg og til lokale og regionale idrettsanlegg". En slik endring vil kunne få konsekvenser for fordelingsystemet, og må derfor ses i sammenheng med en varslet gjennomgang av kriteriene for fordeling av spillemidler til idrettsanlegg. Dette arbeidet vil trolig være ferdigstilt medio 2009.

Fra og med 2010 vil midlene til regionale kulturbygg bli kanalisert inn i den desentraliserte ordningen for kulturhus etter hvert som disse blir fristilt fra pågående prosjekter. Vurdering av hvilke av Norsk kulturråds oppgaver som kan legges til regionalt nivå vil bli foretatt så snart

Stortinget har vedtatt geografisk inndeling for det regionale nivået. Av øvrige oppgaver på Kultur- og kirkedepartementets område nevnes at regionene skal få ansvaret for oppnevning av styreleder og eventuelt noen eller alle av styremedlemmene til region-/landsdelsinstitusjonene og knutepunktinstitusjonene."

Fylkesrådmannen sine merknader

Stortinget sine merknader på kultur og idrettsområdet er ikkje følgt opp i høyringsnotatet.

I samsvar med Stortinget sin merknad bør regionane få det fulle ansvaret for å forvalte spelemidlane til kulturbygg og til lokale og regionale idrettsanlegg. Vidare må alle midlar til regionale og lokale bygg og anlegg som blir fordelt av Kyrkje- og kulturdepartementet overførast til regionane.

Fylkesrådmannen legg til grunn at *prinsippet om rammefinansiering* også må gjelde for spelemidlane. Spelemidlane kan overførast til regionane som ei rammeoverføring, men "utanpå" statsbudsjettet (sidan midlane formelt er utanfor statsbudsjettet). Kriteria for fordeling må vurderast nærmare ved konkretiseringa av reforma.

Når det gjelder midlar til kulturbygg på kulturdepartementet sitt budsjett, må desse overførast som ein del av rammetilskotet til regionane. Dersom regionane skal ha det *fulle ansvaret*, er det ikkje rom for nokon desentralisert ordning for kulturhus slik departementet beskriv.

Vidare må ein gjennomgang av Norsk kulturråd sine oppgåver med sikte på overføring av oppgåver til regionane gjennomførast også innanfor modellen med forsterka fylkeskommune. Kulturrådet sine oppgåver og verkemiddel har i stor grad eit lokalt og regionalt nedslagsfelt og må overførast til regionane uavhengig av inndelinga.

Fylkeskommunane skal ha eit større ansvar for oppnemning av styreleiar og – medlemmer til regions- og landsdelsinstitusjonar innan kulturområdet. I notatet er det sagt at KD vil gje ein nærare omtale av prinsippa for fordeling i eiga stortingsmelding om scenekunstheltet. Fylkesrådmannen forventar at dette blir følgt opp.

6.8 Oppgåver på Helse- og omsorgsdepartementet sitt område (kapittel 10, side 124)

Oppgåvene under dette departementet er ikkje omtalt i oppsummeringa i kapittel 1.2.1. Kapittel 10 omhandlar folkehelse og tannhelse.

Følgjande om folkehelse er henta frå kapittel 10.1.4:

"Helse- og omsorgsdepartementet legger opp til en egen prosess for å følge opp Kommunal- og forvaltningskomiteens merknad og vurdere å forankre folkehelsearbeidet som en ordinær oppgave, jf. Innst. S. nr 166 (2006-2007).

Dersom folkehelsearbeidet skal forankres som en ordinær oppgave for regionene, må dette gjøres gjennom lov. Utredningsarbeidet vil bli ledet av departementet, og det tas sikte på å involvere berørte parter i prosessen: Sosial- og helsedirektoratet, representanter for dagens fylkeskommuner og kommunesektoren for øvrig, landets fylkesmenn, Statens helsetilsyn og berørte faginstanser. De mest berørte departementer vil også bli invitert med i arbeidet.

Helse- og omsorgsdepartementet tar sikte på å sende ut et høyringsnotat om saken i løpet av 2008.

Som ledd i lovarbeidet vil erfaringer fra partnerskap for folkehelse regionalt og lokalt bli systematisert. Erfaringer fra hvordan arbeidet er forankret og organisert i fylker og kommuner vil være nyttige i dette arbeidet.

Det er forventninger til at høringsinstansenes merknader til dette høringsnotatet vil gi viktige innspill til prosessen i regi av Helse- og omsorgsdepartementet."

Følgjande om tannhelse er henta frå kapittel 10.2 (side 125):

"I Innst. S. nr. 166 (2006-2007) uttaler Kommunal- og forvaltningskomiteen at det må sterke grunner til dersom tannhelsetjenesten skal gis en annen plassering enn det regionale nivå. Etter regjeringens vurdering foreligger det ingen slike sterke grunner. Regjeringen tilrår derfor en regional tannhelsetjeneste. Hvorvidt det blir en forsterket fylkesmodell eller en modell med få regioner, anses ikke å være avgjørende i den sammenheng."

Fylkesrådmannen sine merknader

Fylkesrådmannen meiner at folkehelse må verte ei pålagd oppgåve og eit sjølvstendig område for dei nye regionane. Utviklingsoppgåver og tilskotsordningar på område som i dag ligg hjå staten sentralt og hjå fylkesmannen må overførast til regionane. Ansvar for å gjennomføre nasjonal og regional folkehelsepolitikk på regionalt og lokalt nivå, mot næringsliv og frivillige organisasjonar, må overførast til regionane som må tilførast naudsynte ressursar for å kunne ta oppgåva. Aktuelle ressursar på folkehelseområdet må flyttast over til dei nye regionane.

I tillegg vert forskning og utdanning, helseovervaking, universell utforming og ei tettare kopling til helseføretaka enn det vi har i dag, viktige nye fokusområde for regionane. Regionane må styrkast i rolla som pådrivar, samordnar og rettleiar overfor kommunane.

Det vert viktig å ha ei tett kopling regionalt, og samordna arbeid lokalt, med oppgåver som i dag ligg hjå instansar som Statens Vegvesen, Politiet, Arbeidstilsynet osv. Dette gjeld også aktuelle utviklingsoppgåver og ansvar som til andre departement. Det bør vurderast om nokre av desse også bør leggst til det folkevalde nivået.

Fylkesrådmannen støttar vidare at regionane også får ansvaret for tannhelsetenesta i framtida..

6.9 Oppgåver på Olje- og energidepartementet sine område (ikkje omtala i høringsnotatet)

Fylkesrådmannen sine merknader

Olje- og energidepartementet sine ansvarsområde ikkje er handsama i høringsnotatet. Skal regionane vere i fremste rad i klimapolitikken, må dei også få eit større ansvar også innafor fornybar energi og energieffektivisering.

- Regionane bør forvalte positive verkemiddel i energi- og klimapolitikken slik at dei framstår som ein kraftfull utviklingsaktør på området.
- Regionane bør få overført fleire verkemiddel som i dag vert disponert av Enova. Større regionalt ansvar vil gi betre mobilisering for energieffektivisering og fornybare energiløysingar.
- Regionane bør få meir ansvar knytt til planlegging og bygging av små og mellomstore vindkraftverk/vasskraftverk og dei må koplast tettare på konsesjonshandsaminga.

Desse forslaga må vurderast i samanheng med det ansvaret regionane skal ha for miljø- og klimapolitikken.

DEL II

ENDELEG INNSPEL OM REGIONAL INNDELING

I førre høyringsrunde gjorde Fylkestinget slikt vedtak om regioninndeling i sak 11/07:

1. Dei oppgåver som er tildelt dei nye regionane i St.meld. nr 12 (2006-2007) inneber auke i lokaldemokratiet ved at oppgåver vert flytta frå Fylkesmannen over til folkevald nivå. Det er derimot relativt få oppgåver som i stortingsmeldinga vert foreslege flytta frå sentralt statleg hald og over til dei nye regionane.
2. Med den oppgåveporteføljen som no er førslegen lagt til regionalt folkevald nivå vil Sogn og Fjordane fylkeskommune gå inn for ein forsterka fylkeskommune.
3. Viktige punkt som bør over til regionalt nivå er spesialisthelsetenestene, Innovasjon Noreg, SIVA, regionvegkontora og høgskulane.
4. Dersom vidare handsaming i Stortinget fører til vesentleg auke i oppgåvene vil ein kunne vurdere om landsdelsmodellen er ei betre løysing for Sogn og Fjordane.

Premissane for dette vedtaket har vorte endra gjennom høyringsnotatet – og då til det verre, fordi oppgåvefordelinga som stortingsmeldinga la opp til på langt nær er følgt opp.

Vidare konstaterer vi at Kommunal- og regionalministeren i pressemeldinga fra KRD 26.02.08 som kom i samband med utsending av høyringsnotatet sa følgjande:

”Ut frå dei innspela som hittil er komne frå fylkeskommunane om regional inndeling, ser ikkje kommunal- og regionalministeren det aktuelt for regjeringa å gjera framlegg om endra grenser. Eg ser likevel fram til nye innspel om dette frå dei nye fylkestinga, slik at vi eventuelt kan få frivillige samanslåingar”

Det kan sjå ut som at kommunalministeren, med tilvising til dette, no har gått bort frå at Regjeringa kan nytte tvang i inndelingsspørsmålet.

Fylkesrådmannen tilrår at punkt 2 i vedtaket står ved lag. Innhaldet i punkt 1 blir omhandla i kommentarane til høyringsnotatet med tilhøyrande forslag til vedtak.